

# Vestlandsrådet

## Protokoll frå Vestlandsrådet

11.05.2017

Utval:	Vestlandsrådet
Stad:	Quality Sogndal Hotel, Sogndal
Møtedato:	11. mai 2017
Møtestart:	09:15
Møtet heva:	16:00

## Deltakarar

	<u>Forfall</u>	<u>Vararepresentant</u>
<b>Rogaland fylkeskommune</b> Solveig Ege Tengesdal (Krf) – fylkesordfører Marianne Chesak (A) – fylkesvaraordfører Arne Bergsvåg (Sp) Janne Johnsen (H) Terje Halleland (Frp)	Forfall Forfall Forfall Forfall	Ingen Sofie M. Selvikvåg (Sp) Leif Erik Egaas (H) Ingen
<b>Hordaland fylkeskommune</b> Pål Kårbø (Krf) – fungerande fylkesordfører Roald Kvamme (A) – fungerande fylkesvaraordfører Benthe Bondhus (Sp) Mona Røsvik Strømme (H) – erstattar Tom-Chr. Nilsen Silje Hjemdal (Frp) – erstattar Terje Søviknes	Forfall Forfall Forfall Forfall	Beate Husa (Krf) Kari Bernardini (A) Tom Sverre Tomren (MDG) Ingen
<b>Sogn og Fjordane fylkeskommune</b> Jenny Følling (Sp) – fylkesordfører Åshild Kjelsnes (A) – fylkesvaraordfører Noralv Distad (H) Trude Brosvik (Krf) Jakob Andre Sandal (SV)	Forfall	Marita Gunn Aarvik (Frp)
<b>Møre og Romsdal fylkeskommune</b> Jon Aasen (A) – fylkesordfører Gunn Berit Gjerde (V) – fylkesvaraordfører Jan Ove Tryggestad (Sp) Charles Tøsse (H) Frank Sve (Frp)	Forfall Forfall	Ingen Ingen
<b>Inviterte til deltaking i Vestlandsrådet sine møte:</b> Harald Schjelderup (A) – byrådsleiar, Bergen Christine Sagen Helgø (H) – ordfører, Stavanger	Forfall Forfall	Richard Taule Ingen

## I tillegg møtte følgjande frå fylkeskommunane

- Trond Nerdal, fylkesrådmann i Rogaland
- Rune Haugsdal, fylkesrådmann i Hordaland
- Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane
- Robert Løvik, medlem av Vestlandsrådet sitt sekretariat, Møre og Romsdal fylkeskommune
- Beate Bergsholm, medlem av Vestlandsrådet sitt sekretariat, Hordaland fylkeskommune
- Kristin Rundsveen, fylkesordføraren sin rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Ingvild Ramstad, informasjonssjef, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Lena Merethe Søderholm, fagressurs marine/maritime næringar, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Elisabeth Kjerstad Bøe, fagressurs fornybar energi, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Ole I. Gjerald, sekretariatsleiar (2017) og møterefereent

---

## Orienteringar

1. Grøn skipsfart og FoU-studien «Fra vei til sjø»: Kva potensiale ser næringane, og kva utfordringar må løysast i det vidare arbeidet? Leiv Arne Marhaug, kommunikasjonssjef, Gasnor.
2. Regjeringa sin havstrategi. Jon Ødegård Hansen, seniorrådgjevar, Olje- og energidepartementet.
3. Erfaringar med høgoppløyslege botnkart i Møre og Romsdal. Jarl Martin Møller, kommunalsjef, Herøy kommune.
4. Leverandørindustrien innanfor havbruk på Vestlandet. Atle Blomgren, seniorforskar, International Research Institute of Stavanger (IRIS).
5. Fosshaugane Campus – sportsarena, utdanningsinstitusjon og næringsklynge m.m. Jan Tore Rosenlund, bygge- og eigedomssjef, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Martha Sofie Vange, rektor, Sogndal vidaregåande skule, Yngve Hallén, Sogndal Fotball.

## Sakliste

VR-sak 08/17	Protokoll frå Vestlandsrådet 28.02.17 i Bergen.	Handsama i AU 07.04.
VR-sak 09/17	Cruisestrategi for Vestlandet. Arbeidet med handlingsplan 2017-18: status, problemstillingar og vidare arbeid.	Ikkje handsama i AU
VR-sak 10/17	Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten.	Ikkje handsama i AU
VR-sak 11/17	Regionsamarbeidet med Kina: status, problemstillingar og strategi for vegen vidare.	Ikkje handsama i AU
VR-sak 12/17	Brexit – kva dette har å seie for Vestlandet, og korleis Vestlandsrådet kan påverke den vidare prosessen.	Ikkje handsama i AU
VR-sak 13/17	Marin strategi – sak om oppfølging av plantema «rekruttering» og vidareføring av IRIS-rapport. Handlingsplan 2017.	Ikkje handsama i AU

---

## Sakshandsaming og vedtak

### **VR-sak 8/17: Protokoll frå Vestlandsrådet sitt møte 28.02.17 i Bergen.**

#### Vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner møteprotokollen frå møtet 28.02.17.

### **VR-sak 9/17: Cruisestrategi for Vestlandet – utarbeiding av handlingsplan.**

#### Vedtak:

1. Vestlandsrådet tek statusrapporteringa frå arbeidet med cruisestrategien sin handlingsplan til vitande.
2. Arbeidet med handlingsplanen er relativt omfemnande, og gjeld eit breitt spekter av problemstillingar. Vestlandsrådet meiner handlingsplanen særleg må konkretisere det naudsynte påverknadsarbeidet som skal gjerast framover, arenaer for samspel mellom dei sentrale reiselivsaktørane samt det vidare arbeidet med å finne meir miljøvenlege løysingar i næringa.
3. Vestlandsrådet ber om å få seg førelagt ei eiga sak som syner handlingsplanen si samla tematiske inndeling og tilhøyrande konkrete utfordringar og problemstillingar hausten 2017.

## **VR-sak 10/17: Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten.**

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet legg til grunn at ferjene våre er svært viktige både for innbyggjarar og næringsliv.
2. Vestlandsrådet støttar arbeidet med å få på plass ein ny fordelingsnøkkel i inntektssystemet. Denne må basere seg på ein standard som er rimeleg ut frå dagens krav, og stimulere til anskaffing og utvikling av null- og lågutsleppsteknologi. Vidare må den totale ramma som Stortinget løyver også ta høgde for dei kostnadene ferjefylka no møter.
3. Vestlandsrådet ber om at det hausten 2017 vert lagt fram ei oppdatert sak som byggjer på Kommuneproposisjonen for 2018 og dei krav det ut frå denne er rimeleg å stille.
4. Vestlandsrådet tek initiativ til at det vert utgreidd korleis dei fire vestlandsfylka saman kan jobbe vidare for å få til ein nasjonal standard for kravsspesifikasjonar knytt til anbudsprosessar på ferjer i fylkeskommunal regi. Forslag til ein handlingsplan vert presentert og handsama i Vestlandsrådet i løpet av 2017. Det vert sett av kr. 250 000,- til dette arbeidet vidare. AU får fullmakt til å avgjere korleis løyvinga skal finansierast.

## **VR-sak 11/17: Regionsamarbeidet med Kina – status, problemstillingar og strategi for vegen vidare.**

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet understrekar at Kina er ei økonomisk og politisk verdspekt, og at kinesisk språk og kultur vert viktig i vidaregåande opplæring i åra framover.
2. Kina utgjer ein viktig marknad for norsk næringsliv, og det har vore utstrekt handel sjølv i periodar med eit anstrengt og til tider dårleg politisk klima. Politikarar som «dørøpnarar» eller generelle samarbeidsavtaler har ikkje vore avgjerande for handel eller investeringar i Kina.
3. Vestlandsrådet legg til grunn at kvar av dei fire fylkeskommunane sjølv finn sin måte å samarbeide med regionar i Kina på, og at Vestlandsrådet framleis vil vere ein naturleg arena ved behov for nærare koordinering og når det er aktuelt å samordne aktørane politisk på tvers av fylkesgrensene.
4. Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram ei eiga sak til møtet 25. oktober som ser nærare på fylkeskommunane og Vestlandsrådet sitt samarbeid med Innovasjon Noreg internasjonalt.

## **VR-sak 12/17: Brexit – kva dette har å seie for Vestlandet, og korleis Vestlandsrådet kan påverke den vidare prosessen.**

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet understrekar at det er viktig for Noreg å oppretthalde eit tett samarbeid med Storbritannia.

2. Vestlandsrådet og vestlandsfylka ønskjer å gje innspel til dei norske forhandlingane med Storbritannia om nye avtalar, når desse kjem i gang. Europapolitisk forum kan nyttast som arena for koordinering og dialog.
3. Det vil også vere viktig å nytte Vestnorsk brüsselkontor og Stavangerregionen sitt brüsselkontor som kanalar for å gje innspel i den vidare prosessen knytt til Brexit.
4. Vestlandsrådet ønskjer å nytte tilgjengelege kanalar og nettverk for å spele inn interesser og få tilgang til informasjon. Vestlandsrådet utnemner Marianne Chesak til å delta i Nordsjøkommisjonen si beredskapsgruppe (task force) for Brexit, med Åshild Kjelsnes som vararepresentant.

**VR-sak 13/17: Marin strategi – oppfølging av plantema «rekruttering» og vidareføring av IRIS-utgreiingsrapport. Handlingsplan 2017.**

Vedtak:

1. Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram ein handlingsplan som syner korleis den marine strategien vert følgd opp frå Vestlandsrådet si side.
2. Vestlandsrådet ønskjer at handlingsplanen vert lagt fram for handsaming hausten 2017.

---

## Skriv og meldingar

1. Vestlandsrådet sitt AU, møte 07.04.17. Møtereferat.
  2. Høyring av NOU 2016:26 - Eit framtidretta kvotesystem. Sak og vedtak, AU 07.04.17.
  3. Tiltak mot marin forøpling. Notat om miljødirektoratet sin strategi.
  4. Høgoppløyslege botnkart i Møre og Romsdal. Notat om prosess og erfaringar.
  5. Rapport frå faste utval. Rapport per 02.05.17.
  6. Aktuelle saker/notat/skriv til Vestlandsrådet 25.10.17.
-